

Avsender: Ullensvang herad  
Sandvikevegen 11  
5780 KINSARVIK



67765-23-37

201801666-250

Norges Vassdrags og Energidirektorat  
Middelthunsgate 29  
0301 OSLO

KE / Erlend Bjerkestrand  
503

## Høyring på Nasjonal ramme for vindkraft

Vedlagt fylgjer brev.

Ullensvang herad har teke i bruk digital post. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram «På nett med innbyggerne». Digital kommunikasjon skal vera fyrsteval i samhandlinga mellom det offentlege, innbyggjarar og næringsliv.

Innbyggjarar, verksemder og organisasjonar kan lesa dokument elektronisk i Altinn.  
Varsel om brev vert sendt til e-post/SMS, som er registrert i Altinn.

Informasjon om roller som er definert på førehand og tilgangsstyring, ligg under «Min profil» i Altinn.

Med helsing  
Ullensvang herad



**Norges Vassdrags og Energidirektorat**  
**Sissel Jacobsen**  
**Middelthunsgate 29**  
**0301 OSLO**

Vår ref. 18/861-6  
Jp.id. 18/11627

Saksh. John Ove Rørnes  
Tlf. 48108796

Arkiv  
N - 000

Dato  
20.12.2018



## Høyring på Nasjonal ramme for vindkraft Melding om vedtak

Heradsstyret - 101/2018:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Ullensvang herad ber om at heradet sitt areal innafor Analyseområde 17 vert ekskludert frå arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft på land.

Det er store friluftsinteresser i området.

Folgefonna Nasjonalpark ligg med deler av sitt område i Analyseområde 17, og området har eit opparbeidd og mykje nytta stirett.

### Generell informasjon om rettleiing, innsyn og klagerett

#### Rettleiing:

Etter forvaltningslova § 11 har Ullensvang herad plikt til å rettleia og informera deg om kva rettar og plikter du har som part i saka, slik at du kan ivareta interessene dine i saka på ein tenleg måte. Dersom du har spørsmål m.m. til vedtaket som er gjort, kan du ta kontakt med heradet v/sakshandsamar for nærmere opplysningar.

#### Rett til innsyn i saksdokument:

Som part i saka har du rett til å gjera deg kjend med dokumenta i saka (partsinnsyn) i samsvar med forvaltningslova § 18 og med dei avgrensingar som følger av same paragraf og § 19. Dersom du ønskjer nærmere opplysningar om retten til innsyn i aktuelle dokument i denne saka, kan du ta nærmere kontakt med heradet v/sakshandsamar.

#### Klagerett, skriftleg klage:

Du har rett til å klaga på vedtaket som er gjort. Når ikkje noko anna er fastsett, er klagefristen tre veker frå den dagen vedtaksbrevet har kome fram til deg, sjå elles forvaltningslova § 29. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd same dag som klagefristen går ut. Dersom du klagar så seint at det kan vera uklart/tvil om kor vidt du har klaga innan klagefristen, ber me om at du i klagebrevet opplyser om kva dato du fekk vedtaksbrevet.

Klage på vedtaket skal sendast skriftleg til Ullensvang herad. Klagebrevet bør innehalda ei nærmere grunngjeving for klagen og opplysningar om kva for endringar som er ønskelege i vedtaket som det vert klaga på.

Dersom du har spørsmål til reglane som gjeld for klagehandsaminga, kan du også ta kontakt med heradet v/sakshandsamar for nærmere opplysningar om desse reglane.

Med helsing  
Ullensvang herad

John Ove Rørnes  
Tenesteleiars samfunn

Kopi til arkiv og kopibok  
Kopi til:  
Granvin Herad

Postboks 13                    5733                    GRANVIN

# Ullensvang herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr
Heradsstyret	17.12.2018	101/2018

Saksansv.: Rørnes, John Ove	Arkiv: N - 000 Objekt:	J.post id. 18/9035	Arkivsaknr 18/861 - 4
-----------------------------	---------------------------	-----------------------	--------------------------



00002342

### Høyring på Nasjonal ramme for vindkraft

**Endeleg vedtak i:** Heradsstyret

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

#### Saksutgreiing:

Ullensvang herad har fått oversendt sak om Nasjonal ramme vor vindkraft på land- til høyring. Ullensvang herad har fått utsett frist med å gje tilbakemelding.


#### Nasjonal ramme for vindkraft på land – Innspill om viktige regionale interesser

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) jobber for tiden med å utarbeide et forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land. I juni sendte vi ut et brev der vi inviterte kommuner, fylkeskommuner og fylkesmannsembeter til å gi sine innspill om viktige regionale interesser. Brevet ligger vedlagt. Vi har oppdaget at brevet på grunn av en datafeil i utsendelsen ikke ble sendt til de kommunene som bruker «herad» i stedet for «kommune» i sitt offisielle namn. Vi beklager dette, og vil gi dere muligheten til å gi deres innspill innen 1.1.2019. I brevet er fristen for å gi innspill satt til 20.9.2018. For ordens skyld opplyser vi at fristen i ettertid er utsatt til 20.10.2018.

Målet med den nasjonale ramma for vindkraft på land, er å få kartlagt dei beste vindkraftlokalitetane når det skal søkjast om konsesjon. NVE ynskjer lokal medverknad og vil ha fagleg informasjon av overordna karakter. Som døme syner dei til informasjon om friluftslivsområder med regional verdi.


Det er 43 område i Noreg som er teke med i område som skal vurderast.

Analysearealer detaljkart




I Hordaland er det fire område som vert vurdert.


Analysearealer i Hordaland



I Ullensvang er det eit område på Folgefonna halvøya nr 17.



Område 17 femnar om eit stort areal i Jondal, Ullensvang, Granvin, Kvam, Voss, Vaksdal, Samnanger og Osterøy. I Jondal og Ullensvang har dei teke med areal som er verna etter naturvernlova, Folgefonna nasjonalpark. Dei har i sin eiga utgreiing skrevet at vindkraft ikkje er aktuelt på desse areala. Det skal også vera



Forklaring til biletet

Svart farge = Harde eksklusjonar =

*Med «hard eksklusjon» menes eksklusjon av arealer som er uaktuelle for vindkraftutbygging på grunn av teknisk/økonomiske forhold, eller på grunn av at arealene er formelt vernet eller*

*tilsvarende.*

Sjå vedlegg 2 med fullstendig forklaring

Grå farge = Mjuke eksklusjonar =


*Med «myk eksklusjon» menes eksklusjon av arealer der virkninger for én enkeltinteresse i mange tilfeller tilsier at det ikke bør bygges vindkraftverk.*

Sjå vedlegg 3 med fullstendig forklaring


Som me kan sjå av biletet, etter at areal som vert ekskludert, er det berre att areal høgt oppe mot fjelltoppane. Dette gjev ein endå større negativ innverknad på landskapsbiletet.




Oversikt nasjonalpark



Oversikt på freda kulturminne



Oversikt på Inonområde



Oversikt på viktig friluftsområde

### Økonomiske konsekvensar:

Det er ikkje råd på dette tidspunkt å sei kva dei økonomiske konsekvensane ved etablering av vindkraft i område 17, vil gje. Om produksjon av grøn energi vil gje meir inntekter enn dagens satsing på reiseliv og friluftsliv vites ikkje. Men at det vil få negative konsekvensar for begge desse aktivitetane er det ikkje tvil om.

### Administrative konsekvensar:

Desse tiltaka er ikkje i samsvar med gjeldande kommuneplan. Arbeid med endring av plan og oppfølging av byggje og anleggstiltak, vil krevje ein stor del oppfølgingsarbeid.

### Miljømessige konsekvensar:

Me kan ikkje sjå at det er utarbeidd ein konsekvensanalyse for miljø, jf. krav i naturmangfaldslova. Me ser at dei visuelle konsekvensane av etablering av vindkraft vil verta store.

### Vurdering:

At Ullensvang er eit herad, har i denne saka vore positivt. Me fekk brevet seinare enn alle andre kommunane og soleis ein utsett frist med å kome med innspel. Det er mange av nabokommunane som alt har kome med innspel. Det er i tillegg lag og organisasjonar som har kome med innspel. Stort sett alle har negativ tilbakemelding på etablering av vindkraft på område 17.

## **Jondal kommune sitt Vedtak:**

Jondal kommune avviser at vårt område er aktuelt for vindkraftanlegg. Deler av Folgefonna nasjonalpark og Herand landskapspark ligg i Jondal kommune og turisme er ein del av vår hovudsatsing. Me meiner at dette ikkje er foreineleg. Jondal har bidrige til store kraftutbyggingar tidlegare. Windmøllene er tiltenkt i eit område som har stor verdi som tur og rekreasjonsområde.

## **Voss kommune sitt vedtak:**

Dei to analyseområda NVE skisserer (17 og 18) er sårbarer fjellområde med sær store naturverdier og representerer noko av det siste me har att av urørt natur og villmark. Begge områda har i dag livskraftige reinstammer, og ellers stort arts mangfald, med til hekkeområde for rovfugl. Begge områda er i dag sær populære turområde, både for lokale og tilreisande, med mellom anna DNT-hytter og merka stiar. Den største næringa i kommunen er reiselivet, og desse naturområda har stor verdi for dei. Voss kommunestyre går inn for at analyseområda 17 og 18 vert trekt ut av det vidare arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft.

## **Vaksdal kommune sitt vedtak:**

Vaksdal kommune har stilt store naturressursar til rådvelde for storsamfunnets behov for energi. Det er i Vaksdal det regionale kraftselskapet BKK produserer mest vasskraft. Det går store kraftlinjer gjennom naturperler i Bergsdalen, Eksingedalen og i Vaksdalsfjella. Desse områda er viktige for rekreasjon for innbyggjarar i heile Bergensområdet, har eit rikt fugleliv med mange ulike artar, beite for små- og storvilt m.a. hjort og vill- og tamrein.

Det er Vaksdal kommunestyre sitt syn at me ikkje treng landbasert vindkraft

Når det gjeld konkrete innspel til NVE sitt brev av 08.06.18 har kommunestyret i Vaksdal slikt innspel om viktige regionale interesser:

Av dei 43 analyseområda er dette ei attendemelding i høve område 17 og område 18.

Område 17: Bergsdals- og Vaksdalsfjella i Vaksdal kommune har registrerte områder med urørt natur. Bergsdalsfjella sør er eit viktig regionalt turområde med populære DNT-hytter. Bergsdalsfjella (både nord og sør) har reindyrstammer som vert forvalta som tamrein. Høgasjellet på Osterøy er i dag eit område med urørt natur og er på lik line med Bergsdalsfjella eit viktig regionalt turområde. Vidare vil kommune gjere merksam på Veafjorden sitt særskilte kulturmiljø. Osterfjordsystemet er nasjonal laksefjord, og del av Nordhordland biosfærområde.

Område 18: Her finn ein mellom anna inngangsport til Stølsheimen landskapsvernområde som har høge natur og landskapskvalitetar. Området omfattar og Fjellheimen villreinområde. Stølsheimen er og ein del av Nordhordland biosfærområde. Nordhordland biosfærområde er kandidat til å eit UNESCO Biosfærområde – Vestnorsk kystlandskap og menneska som bur her; <http://www.nordhordlandbiosphere.no/> Vaksdal kommune si kartlegging og verdisetting av friluftsområde (2017) er å finna i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) Dette gjeld også INON (Inngrepssfrie naturområder i Norge)

Kommunestyret i Vaksdal kommune vil tilråt at områdene 17 og 18 vert teke ut av nasjonal ramme og vurdert som ikkje eigna for vindkraftutbygging grunna høge natur, landskap, kulturlandskap og friluftsinteresser.

## **Granvin herad sitt vedtak:**

Granvin herad ber om at heradet sitt areal innanfor Analyseområde 17, vert ekskludert i sin heilskap frå arbeidet med *Nasjonal ramme for vindkraft på land*.

Dette grunna omsynet til friluftsinteresser i områda Herdabreida, Hedler-Lussand- Gråfjellet og Kistenuten. Området er frå før belasta med kraftlinja Sima – Samnanger. Ein vindmøllepark her vil føra til ei stor belasting av tekniske inngrep og forringa området

Rådmannen i Ullensvang ser at etablering av vindkraft på område 17, kan få store negative konsekvensar for området. Hovudvegen er ein verna fylkesveg. Det må store tekniske inngrep til for å få knytt straumproduksjonen til eksisterande fordelingsnett. På oversiktsbileta verneområde, freda kulturminne, INON område og viktige friluftsområde, ser ein at det vil få stor negativ konsekvens ved etablering av vindkraft på dette området. Det er eit nytt framlegg på vern av skog som ikkje er kome med.

Samla sett, med dei opplysingane som no er tilgjengeleg, vil etablering kunne få store negative konsekvensar for naturmiljø, kulturlandskap, INON område friluftsliv og kulturminne. Kort oppsummert burde analysane som er gjort til no, vore nok til å ekskludera

området til vindkraftutbygging.

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen syner til saksutgreiing og ber NVE ta område 17 ut av vidare arbeid for vindkraft.

**17.12.2018 Heradsstyret**

**Framlegg frå Samson Hamre (SP):**

*"Ullensvang herad ber om at heradet sitt areal innafor Analyseområde 17 vert ekskludert frå arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft på land.*

*Det er store friluftsinteresser i området.*

*Folgefonna Nasjonalpark ligg med deler av sitt område i Analyseområde 17, og området har eit opparbeidd og mykje nytta stirett."*



**Røysting:**

Framlegget frå Samson Hamre (SP) vart samrøystes vedteke.

**HST- 101/2018 Vedtak:**

Ullensvang herad ber om at heradet sitt areal innafor Analyseområde 17 vert ekskludert frå arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft på land.

Det er store friluftsinteresser i området.

Folgefonna Nasjonalpark ligg med deler av sitt område i Analyseområde 17, og området har eit opparbeidd og mykje nytta stirett.